



Jobbnorge-ID: 151415

Søknadsfrist: Avslutta

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Førsteamanuensis i akvakultur (fiskefysiologi)

Ved [Institutt for biovitenskap](#) (BIO) er det ledig ei stilling som førsteamanuensis i akvakultur (fiskefysiologi), knytt til faggruppa Miljø- og havbruksbiologi.

Om instituttet

Institutt for biovitenskap (BIO) ble oppretta 1. januar 2018, som ei samanslåing av tidlegare Institutt for biologi og Molekylærbiologisk institutt. Instituttet er det største av sju institutt ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, og har om lag 260 tilsette, inkludert 56 professorar og førsteamanuensar, om lag 130 ph.d.-kandidatar og om lag 70 teknisk/administrative tilsette.

Instituttet har eit av dei sterkaste og breiaste fagmiljøa innan biovitenskapleg forskning og utdanning i Norge, og er sterkt involvert i tema som livet sitt opphav, klima, effektar av globale endringar, fiskeri, havbruk, fiskehelse, ernæring, nordområda og utviklingsrelatert forskning. Om lag 2/3 av den vitenskaplege staben arbeider med marine problemstillingar.

Gjennom samlokalisering og felles forskingsgrupper er forskinga ved BIO tett integrert med biologisk forskning ved Universitetsmuseet i Bergen og med nokre av dei tematiske avdelingane i NORCE (Norwegian Research Centre AS). BIO held til i nye og moderne fasilitetar på Marineholmen.

Undervisninga ved instituttet dekkjer eit breitt spekter av biologiske disiplinar og blir tilbydd gjennom to bachelorprogram, to masterprogram, to integrerte femårige studieprogram (fiskehelse, og sjømat og havbruk) og lærerutdanning, forutan doktorgradsutdanning.

BIO har eit Senter for framifrå undervisning (SFU) og dermed eit særskilt fokus på utvikling av kvalitet i undervisning og formidling. Det vert lagt vekt på utvikling av innovative undervisnings- og formidlingsaktivitetar i stillinga.

Bergen representerer ei av dei største forskingsklyngene i verda for marin forskning og dette vert spegla av i visjonen for UiB som er «Hav, liv og samfunn». BIO har som mål å vere ein leiande forskingsaktør innan marin ressursforskning nasjonalt og internasjonalt.

Arbeidsoppgåver/forskningsområde

Den som vert tilsett, skal undervise og rettleie innan akvakultur og fiskefysiologi knytt til studia i akvakultur, inkludert sivilingeniørstudiet i havbruk og sjømat. Den som vert tilsett, vil få ansvar for introduksjons- og vidaregåande emne i akvakultur, m.a. emne som omfattar samarbeid med havbruksnæringa.

Vidare skal den som vert tilsett, forske innan fiskefysiologi og akvakultur av kaldtvassartar i samarbeid med andre tilsette ved instituttet. Det er forventa at den som tilsetjast, hentar inn eksterne midlar til eiga forskning. Vedkommande må og vere førebudd på å ta på seg diverse verv og administrative oppgåver ved instituttet.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

Vi søker ein aktiv forskar med røynsle frå forskning og undervisning innan ulike sider av akvakultur av fisk, med særleg vekt på kompetanse innan fiskefysiologi. Den føretrakne kandidaten er i ei oppadgåande utvikling og er forventa å ha eit stort potensiale til å utføre forskning på høgt internasjonalt nivå. Vi ønskjer ein kandidat som meistrar moderne metodar innan akvakultur og fiskefysiologisk forskning, for å styrke den vitenskaplege aktiviteten og undervisninga på dette feltet ved instituttet. Det er viktig at den som vert tilsett, er dugande til undervisning og rettleiing og dessutan har føresetnader for å delta i bygginga av eit konkurransedyktig lag som kan ta hand om forskning på akvakultur og undervisning i fysiologi og akvakultur.

- Søkjarar må ha doktorgrad i fiskefysiologi relatert til akvakultur eller tilsvarende kompetanse.
- Dokumentert røynsle frå forskning innan akvakultur og fiskefysiologi er eit krav.
- Søkjarar må kunne dokumentere evne til å innhente ekstern forskingsfinansiering.
- Erfaring frå leiing av forskingsprosjekt, koordinering av forskingsaktivitet, erfaring frå forskingsstrategisk arbeid og samarbeid med havbruksnæringa vert lagt vekt på.
- Det vert lagt vekt på dokumentert vilje og evne til samarbeid og lagbygging.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig, strukturert og ha gode samarbeidsevner.
- Søkjarar må ha gode engelskkunnskapar, skriftleg og munnleg.

Personlege og mellommenneskelege eigenskapar vil bli lagt vekt på. Vidare vil ambisjonar og potensial også telle ved vurdering av søkerane.

Undervisning - kvalifikasjonar og eigenskapar

Pedagogiske kvalifikasjonar og tidlegare undervisningserfaring vil bli vektlagt, og søkerar må dokumentere pedagogiske kvalifikasjonar og røynsle i undervisning og rettleiing av studentar og dessutan gjere greie for planar og idear knytt til undervisning. Dette vil til dømes gjerast ved

å sende inn:

- Prov for gjennomført pedagogisk utdanning
- Evalueringsrapportar av søkjaren si undervisning
- Oversyn over undervisningsomfang og -nivå
- Oversyn over master- og doktorgradsrettlegg og resultat
- Mottekne undervisningsprisar
- Eigne pedagogiske publikasjonar
- Eigne undervisningskompendium og undervisningsmateriell
- Rapportar som syner deltaking i prosjekt knytt til utvikling av undervisning, så som alternative undervisningsformer, rettlegg eller læringsmiljø.

Undervisningsspråket er i hovudsak norsk, men den som vert tilsett, må også kunne undervise på engelsk. Det er eit krav at den som blir tilsett, kan undervise på norsk eller eit anna skandinavisk språk innan to år etter tilsetjinga.

Den som vert tilsett, må ha pedagogisk basisutdanning, men søkjarar som ikkje fyller dette kravet ved tilsetjinga, får tilbod om opplæring og må dokumentere at utdanninga er fullført innan eit år etter dato for tilsetjing. Fristen er to år for den som ved tilsetjinga ikkje meistrar eit skandinavisk språk.

Ved Universitetet i Bergen blir det lagt reell vekt på pedagogiske kvalifikasjonar ved tilsetjing i vitenskaplege mellom- og toppstillingar.

Vi kan tilby

- eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter lønssteg 64-72 (kode 1011/LR 24.8). Dette utgjør ei årsløn på kr. 558 500 - 650 200. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det bli aktuelt å vurdere høgare løn.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Førsteamanuensis i fast stilling har høve til å søkje om opprykk til professor etter kompetanse. Fristen for slik søknad er 15. september kvart år.

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om søkjaren si interesse og motivasjon for å søkje denne stillinga, samt ei utgreiing over dei viktigaste resultatane i søkjaren si forskning med hovudvekt på dei siste 5 åra (2-3 sider)
- CV
- fullstendig publikasjonsliste
- vitnemål og attestar
- ein plan over moglege forskningstema om ein får stillinga, moglege samarbeidskonstellasjonar internt og eksternt, samt ambisjonar for eigen forskingsaktivitet (1-2 sider)
- ei fullstendig liste over undervisningserfaring, inkludert roller i underviste kurs
- vedlegg som dokumenterer pedagogiske kvalifikasjonar
- liste over vitenskaplege arbeid frå dei siste 10 åra søkjaren vil det skal takast omsyn til ved vurderinga, med opplysningar om kvar dei er publiserte
- namn på tre referansar, kor minst ein må kjenne søkjaren frå undervisningsarbeid

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge.

Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til professor Jon Vidar Helvik, faggrupeleiar for miljø- og havbruksbiologi (telefon +47 55 58 43 71 / e-post vidar.helvik@uib.no) eller til instituttleiar, professor Ørjan Totland (telefon +47 477 58 058 / e-post orjan.totland@uib.no).

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarsbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvotering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan offentleggjerast sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om det.

Den som blir tilsett, må rette seg etter retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Søknader sende på e-post til enkeltpersonar ved instituttet, vert ikkje vurderte.

Nærare om tilsetjingsprosessen [her](#).

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: